



**Til grunneigarar, offentlege etatar, lag, organisasjonar, bedrifter og andre med verksemd i og ved verneområda i SVR – etter liste over høyringspartar**

Dykkar ref.

Vår ref. (oppgi ved svar)

Dato  
18.08.2018

**HØRING AV FORSLAG TIL BESØKSSTRATEGI FOR SVR**

Verneområdestyret sender med dette forslaget til Besøksstrategi for SVR ut på lokal og sentral høyring. Høyringa er open slik at alle som ønskjer det kan komme med uttale.

Dersom nokon ser at det er manglar på lista over høyringspartar, så meld frå til [alf.odden@svr.no](mailto:alf.odden@svr.no) så fort som råd. Dykk må og gjerne vidareseende høyringsdokumenta til dei dykk meiner kan ha interesse av det.

Verneområdestyret vil gjere merksam på at det til den endelege utgåva av besøksstrategien, vil gjennomført ei oppretting av skrivefeil og alle vedlegg vil komme på plass.

Vi ber om kommentarar og innspel på mellom anna følgjande tema:

- Faktafeil, feil namnbruk m.v.
- Tema som ikkje er tilstrekkeleg omtalt i besøksstrategien
- Konkrete innspel på besøksstrategien sine prioriteringar og framlegg til tiltak

Fristen for å komme med uttale er sett til **15. oktober 2018.**

Du kan komme med uttale på følgjande måtar:

E-post: [alf.odden@svr.no](mailto:alf.odden@svr.no)

Brev: Alf Odden, SVR, Sandsveien 122, 4230 Sand

Telefon: 48044583 (Verneområdeforvaltar Alf Odden)

Personlig frammøte: Det blir skipa til opne kontordagar i alle kommunane hausten 2018. Desse vil bli nærare annonsert i lokalaviser og kommunane sine nettsider

Etter høyringsfristen vil verneområdestyret gjennomgå og samanfatte dei innkomne uttalene, og gjere naudsynte endringar. Etter at besøksstrategien er vedtatt av verneområdestyret skal den godkjennast av Miljødirektoratet.

Du kan få tilgang på forslaget til besøksstrategi på følgjande måtar:

Besøksstrategien kan lastast ned elektronisk frå verneområdestyret sine nettsider [www.svr.no](http://www.svr.no) under fana Besøksstrategi for SVR

Du kan få besøksstrategien tilsendt på papir eller elektronisk ved å kontakte verneområdestyret ved: Verneområdeforvaltar Alf Odden, e-post: [alf.odden@svr.no](mailto:alf.odden@svr.no), tlf: 48044583

Besøksstrategien vil og ligge ute på kommunane sine nettsider.

## **Bakgrunn**

Ein besøksstrategi er ein plan for informasjon og tilrettelegging i og inn mot verneområda. Besøksstrategien skal vise kva for tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er naudsynt for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i et verneområde, slik at ein oppnår størst moglig nytte for alle tre interesser.

Besøksstrategien for SVR har desse målsettingane:

- Legge til rette for å gje vitjande ei betre oppleving
- Bidra til å ta vare på naturverdiane
- Gi barn og unge gode opplevingar i heiområda og auka forståing for vernet
- Bidra til auka verdiskaping i lokalsamfunna kring verneområda

Miljødirektoratet har bestemt at alle norske nasjonalparkar og store landskapsvernområde skal ha utarbeidd ein besøksstrategi innan 2020. Ein godkjent besøksstrategi er ein føresetnad for tildeling av nasjonale tiltaksmidlar til tilretteleggings- og informasjonstiltak i verneområda i SVR. Ein besøksstrategi er og ein føresetnad for å kunne ta i bruk den nye designmanualen som skal profilere skilt og informasjonsmateriell i norske verneområder.

Normalt vil ein besøksstrategi være ein del av forvaltningsplanen for eit verneområde. Når det gjeld SVR, er vår forvaltningsplan såpass ny at besøksstrategien i staden utarbeidast som eit separat dokument. Vi neste revisjon av forvaltningsplanen vil besøksstrategien bli ein integrert del av plandokumentet.

## Prosess og medverknad

### Synfaring på utvalde punkt

Gjennom hausten har 2017 forvaltningssekretariatet gjennomført synfaring på utvalde plassar lista opp under. Føremålet var å få betre lokalkunnskap og få innspel til tiltak på aktuelle innfallsportar.

- Knaben og Nesjen i (Kvinesdal kommune) – deltakarar frå kommunen samt grunneigarar
- Ådneram, Grauthellervatn og Håhellervatnet (Sirdal kommune) – deltakarar frå kommunen
- Eikeskog, Mån og Månafossen (Gjesdal kommune) – deltakarar frå friluftsråd og kommunen
- Røssdalen (Forsand kommune) – deltakarar frå kommunen
- Ritlandskrateret og Øyastølsmyra (Hjelmeland kommune) – deltakarar frå kommunen og privat verksemd (Hjelmeland Spa hotell)
- Brøkke (Valle kommune) – deltakarar frå grunneigarsida
- Hovden (Bykle kommune) – deltakarar frå kommunen samt Visit Setesdal

### Regionale møte

Det er halden to regionale møte, eit i Forsand og eit i Valle. Eit tredje møte planlagt i Kvinesdal vart som følgje av få påmeldte slått saman med møtet i Valle. Til dei regionale møta vart friviljuge organisasjonar, reiselivsorganisasjonar, private verksemdar, grunneigarlag/grunneigarsamanslutningar, friluftsråd, rådgjevande utval for SVR, kontaktutvalet for Dyraheio mv, tilsynsutvalet for Lusaheia mv beden inn pr. mail. Møta vart i tillegg varsla i lokalavisene samt på kommunane og SVR sine heimesider. Føremålet med møta var å konkrete innspel til informasjons- og tilretteleggingstiltak.

### Kontakt med grunneigarar

I besøksstrategien er det lagt vekt på vidareutvikling av eksisterande innfallsportar til verneområdet. Føreslåtte fysiske tiltak er for ein stor del avklart med råka grunneigar. Før dei fysiske tiltaka blir iverksett (klopplegging, utbetring av stiar, skilting, etablering av utkikkspunkt osv.) er det uansett ein føresetnad at det er gjeven skrifteleg samtykke frå grunneigar. Høyringsbrevet vert sendt grunneigarar på dei enkelte innfallsportane.

### Administrativt kontaktutval (AK)

I AK sit representantar frå administrasjonane i kommunane. AK er sentrale i høve til lokale innspel. Besøksstrategi har difor vore tema på møta i AK 1.6.2017 og 10.1.2018.

### Fagleg rådgjeving frå Miljødirektoratet

Det har vore ein god dialog med Miljødirektoratet gjennom heile prosessen med besøksstrategien. Miljødirektoratet har kome med faglege innspel før utkastet vart sendt på høyring.

Med vennleg helsing

Bjørn Laugaland  
Styreleiar

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.